



EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 18.12.2013



Referat frå ekstraordinært årsmøte

Stad: Osterøy Stadionbygg

Tid: 18. desember 2013 kl. 19.00.

Frammøte: Det møtte 15 medlem.
Björg B. Reigstad, Øyvind Litland, Bernt Johan Flæsland, Linda Tvedt, Torstein Mjelde, Robert Skjerping, Johnny Mostrøm, Emil Hosøy, Øyvind Aasheim, Ragnhild Balsvik, Tore Langeland, Joachim Borge Solberg, Daniel Fossbakken, Kristin Aasheim, Eystein Markmanrud.

SAKLISTE

- SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Vedtak: Innkallinga og saklista vart einstemmig godkjend.
- SAK 2 Godkjenning av frammøtte representantar.
Vedtak: 15 årsmøtedeltakarar er medlem av OIL og har dermed stemmerett.
- SAK 3 Val av ordstyrar, referent og 2 til å underskriva årsmøtereferatet.
Vedtak: Ragnhild Balsvik vald til ordstyrar, Eystein Markmanrud vald til referent, Linda Tvedt og Joachim Borge Solberg vart valde til å underskrive referatet frå det ekstraordinære årsmøtet.
- SAK 4 Fullmakt til å ta opp lån på inntil kr 550 000,- til innkjøp av prepareringsutstyr i lysløypa på Rolland.
Vedtak: Årsmøtet gjev styret fullmakt til låneopptak på inntil kr 550 000,- til nytt prepareringsutstyr for lysløypa. Løpetid på 5 år. Skigruppa stiller med evt. nødvendig eigenkapital viss banken krev det. Styret skal søkje kommunal garanti for lånet. Lånekostnadene vert finansiert av skigruppa, med ein kombinasjon av eventuelle tippemidlar som skigruppa søker om, kommunale vedlikehaldsmidlar til lysløypa og gruppa sine egne midlar.



EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTLAG 18.12.2013



Saksutgreiing sak 4:

Styret i skigruppa ønskjer å kjøpe nytt prepareringsutstyr til lysløypa på Rolland. Skigruppa ønskjer å kjøpe traktor og ny skjeldalsfres sporsetjar for to spor (den gamle har berre ein sporsetjar). I dag har skigruppa avtale med ein bonde som preparerer løypa så fort han har høve til det. Dette medfører at det ikkje alltid er mogleg å få preparert løyper så fort som ønskjeleg ved snøfall. Med tilgang på eigen traktor som er plassert på Rolland kan fleire vere med på å preparere lysløypa. Dette vil gjere at løypa blir oftare preparert, og vil dermed gje eit betre resultat både for skigruppa sine utøvarar og alle som elles nyttar løypa til trening og rekreasjon. Traktoren vil også verte brukt til vedlikehald av løypa sommarstid.

Skigruppa har fått eit tilbod på brukt traktor saman med skjeldalfres på totalt kr 547 000,-.

Underskrift: Linda Tvedt (s)

Joachim Borge Solberg (s)

Dato: 18.12.2013

Dato: 18.12.2013

Referent: Eystein Markmanrud
Lonevåg, 18.12.2013